



Sugurd Brattetveit frå Hjertevakten syner frie luftveggar og førebuing til hjarte- og lungekompresjon.

**Kvart år døyr 6000 personar av hjartestans. Det same talet gjeld for hjerneslag og blodforgiftning. Av 17000 tilfelle av hjarteinfarkt får om lag 1/3 av desse hjartestans. Det er viktig innan eit minutt å koma i gang med hjartekompresjon. Innan tre minutt bør ein få på plass med hjartestartar som gjev elektroshjokk og dermed startar sinusknuten på nytt. Ikkje vent. Ring 113 og gjer noko med ein gong. Det var budskapet til Sigurd Brattetveit frå Hjertevakten på møte i Uskedal helselag i kveld.**

Helselaget hadde nok venta eit betre fram møte når ein veit kor viktig hjarte- og lungeredning er i kvardagen. Dei om lag 15 fram møtte fekk ei god teoretisk og praktisk innføring i problemet hjartestans. Hjarteinfarkt skjer over alt til alle tider og mange veit knapt om at ein har hatt mindre infarkt. Ved meir alvorleg art fell ein i bakken grunna mangel på oksygen. Hjarta stoggar og musklane stivnar. Ring 113 og der og då får du informasjon og rettleiing. Finn hjartestartaren og iverkset handling straks. Ved instruksjon frå tale på høgtalar er det mest uråd å gjera noko feil.



Gunn Mari Moberg får oppgåva med å setja elektrosjokk. Alt fungerer fint og "pasienten" er berga.

I dag finn vi hjartestartar i Hagetunet og i Aktivitetshuset. Branntroppen er utstyrt med hjartestartar og har alltid dette utstyret med ved utrykning. Uskedal helselag saman med Uskedal utvikling vil få vurdert om det kan vera trong for ein hjartestartar i område Spar - Gamleskulen. Kostnaden er mellom kr. 12 - 19.000,- Årlege kostnader ved byte av batteri og elektrodar er om lag kr. 1.000,- Det er 8 års garanti og det er registrert lite feil.

Alt på årsmøte i Uskedal utvikling i denne veka vert tema drøfta og teke inn i Handlingsplanen 2018..

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal